

På krambua

Det var store forlokkande stunder, når ein stakkar på krambua kom.
og fekk oppleve store under, i ei verd som visst aldri vert tom.
Under taket hekk sjøklær og snøre, der hekk bjelløer og ringle spell.
og det lukta av sirop og tjøre og all joderiks krydd og kanel.

Bort i hylla stod rader av krukker, som var stappfulle loike til topps
av kulørblanda kuler av sukker som han Krambu-Mons sjøkv kalla drops.
Og på veggen hekk klokker med glas på, mellom spegler og gullforgylt kram
medan knivar med utkrota stas på inn i myrkret skein freistande fram.

Men den dyraste skatten på veggen var ein oppsala trehest på hjul.
han bar kvite små sokkar på leggen medan luggen var skinande gul.
han stod høreist og stolt under salen, som den sprekaste premiehest,
og var feilfri frå hovud til halen, som rokk heilt nd til hasane mest.

Som ein prakkar om prisen eg tinga, utan stans med ubøyeleg sinn,
endå vannmakta verkte for bringa, når eg tenkte på medelen min.
Eg var om meg på mange slags kantar, eg sprang æren, eg tigga og stjal.
når det gjaldt å dra heim eit par slantar til min vesle kontantkapital.

Det gjekk seint å få summen til rette, og eg hadde vel stunder i blant
då eg sturen på stabben meg sette med meg sjølv og all verda på kant.
Men med kvart vart eg høgare i hatten, og eg kjende kvar gong eg kom inn
og såg om den dyrverdige skatten, korleis hesten vart meir og meir min.

Men ein morgon eg stod der på bua, og heldt auge med trehesten min,
sigla sjølvaste prestegardsfrua opp ved disken med gutungen sin.
Og straks ungen fekk auge på gampen, vart han heilt opp ustyrlig og vill,
og han Krambu-Mons, veit du, den slampen, var ugudeleg snar å slå til.

Eg stod vesal og valen attende, til det ytterste såra og prøvd,
og ein klump nedfor bringa eg kjende so eg tett på heldt på å bli kjøvd.
Og i ørske på dør eg meg skunda, blind av tårer for alt i min veg,
ut i sola som skein over sunda, men ho skein ikkje lenger for meg.